



Bassisten Tore Nordahl Pedersen i full konsentrasjon.

Me fekk eit raust innsyn i kva som har oppteke Tore som musikanter frå 60-talet fram til no. Det skein godt gjennom at her sat ein mann som ikkje var ein meiner av kva me bør lika – nei, han ville dela det som har forma smaken hans opp gjennom åra – og så sto me fritt til å ta imot etter eigen smak.

Då Tore sette i gang klokka 20.55, var det alt kome om lag 40 tilhøyrarar, og det nærma seg 50 etter kvart som kvelden leid. Ned Millers "King of the Road" opna ballet – ei velvald sviske som fekk tilhøyrarane i stemning.

Stemning er eit stikkord for denne kvelden. Tore er ein fyr som likar å kommunisera, og her vart det fleirvegs kommunikasjon frå starten. Ein såg akslene til Tore koma ned i avslappa stilling alt før fyrste applausen, og han batt nummera ledig og engasjert saman, ga oss opplysningar om artistar, bakgrunnen til fleire av dei, og hadd eit svært variert musikalsk utval å ausa av.

Han var innom blues, rock, soul, country, reggae, pop – ja, det meste – men ankerstaden kan etter mitt syn anast i gitarmusikk og blues. Carlos Santana var ein gjengangar i materialet hans, og ein allsidigare musikanter skal ein jo leita lenge etter.

Tore leverte med stort engasjement, og nett dette med at han var så på heile tida, kommenterte musikk, komplimenterte publikum, oppfordra til dansing og til å synga med, ga ei svært god stemning i kjedlaren. Me opplevde ein bassist med ei høgrehand som var både stø og variert. Der bassen skulle vera "i beat", var han det, og der musikken kravde meir variasjon i tilslag og tonegang, dansa fingrane over strengene. Bra levert, Tore!

Korkje Tore, Bob Dylan eller Ole Paus er storsongarar, men Tore song med innleving og intensitet, og me trudde på han. Han treffe i tillegg tonen meir enn dei to andre eg har nemnt.

Me fekk og veta noko Tore ikkje snakkar så mykje om sjølv: Venstrearmen vart dregen inn i ei kappsag for ein del år sidan, og at han i det heile tatt fungerer er ein kombinasjon av godt kirurgarbeid frå Rikshospitalet si side – og ikkje minst – intens og målmedviten trening frå han som eig armen. Han spela vanleg gitar før denne hendinga.

Då Tore ga seg i halv tolv tida, hadde han levert om lag tretti songar gjennom tre avdelingar, og kunne endeleg koma ned på att.

Tore er oppvaksen på Os, og flytta hit til Uskedalen saman med Dina etter at han ga seg som glasmeister. Det var mange av familie og kjende frå Os som hadde kome hit for å få med seg arrangementet. Med si sosiale framferd har han raskt vorte med på både det eine og det andre her lokalt, så i tillegg var det møtt fram eit variert utval av tilhøyrarar frå bygda og.

Det er verd å merka seg at det ikkje vart ein del av kjedlaren der osingane sat, og kvinnheringane i ein annan – i Tore si ånd vart Dønhaugkjedlaren ein leir, der osingar og kvinnheringar sat stort sett om einannan, prata, dansa og skåla saman.

For å karakterisera kvelden, kjenner eg meg freista til å nytta eit ord Tore likar å bruka når han er litt opplyfta høgtidsam: Framifrå!



Tore har ei fin, lun formidlingsform og god kommunikasjon med dei 50 frammmøtte i Dønhaugkjedlaren.

Tekst/foto: Svein Rimestad

Nett: Kristian Bringedal